



Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
v/Birthe Andersen Haugen

Vår ref.: LSK

Dykkar ref.:

Voss, 30.10.2014

**Justering av undervisningstilbode ved VOV 2015-16.  
Tilleggskommentar til Innføringsklasse (merka med raudt)**

- 4) Innføringsklassar for minoritetsspråklege søkjarar skuleåret 2015-16:** Syner til e-post frå Nils Skavhelle sendt 14. oktober. Skulen har vert i kontakt med Voss kommune og har fått tilbakemelding på at det er vanskeleg å seie noko sikkert om talet på elevar som kan komme inn i denne gruppa. Per. no ser det ut som om dette tilbudet kan vere aktuelt for ca. 10 personar. Slik skulen ser det er dette eit noko lavt tal for å starte opp tilbudet, men vi er innstilt på å få dette til dersom behovet endrar seg utover våren og Opplæringsavdelinga ynskjer å opprette eit slikt tilbud i regionen. **Skulen ved rektor har vert i kontakt med dei andre skulane på Voss og OT/PPT lokalt. Alle skulane har store utfordringar med minoritetsspråklege elevar som går i normale Vg1 løp. Vi ser at desse elevane har for dårlege norskkunnskapar og hadde tent på å gå eit år i ein innføringsklasse før dei starta på Vg1. Vi trur at dersom vi hadde hatt eit slikt tilbud på Voss ville vi kunne fått nokre av desse til å søkje eit slikt tilbud. Vi veit at talet på aktuelle søkjarar er noko lavt, men vi held fast på at vi bør ha eit slikt tilbud i Indre region og vi ber difor Opplæringsavdelinga vurdere å starte eit slikt tilbud. For skulen vil dette då handle om økonomi. Voss vidaregåande skule kan ikkje starte opp tilbudet med få søkjarar dersom dette medfører at vi ikkje går i balanse økonomisk for Innføringsklassa. Dei økonomiske rammene for drift må difor og med som ein del av diskusjonen ved ein eventuell oppstart av eit slikt tilbud.**

Med helsing

Line Skage  
Rektor